

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2018-2019

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2018 – april 2019.

Styret i arbeidsåret 2017/2018:

Pål Berg Svenunsgsen (leiar)

Annette Holme

Mari Sofie Sandvik

Anders Timberlid

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær og kasserar.

Tilstellingar og aktivitet

Aktiviteten i HIFO, avd. Sogn og Fjordane har vore høg det siste året.

22. november 2018 arrangerte HIFO «Wikiverkstad» i lag med Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.

1. april 2019 arrangerte HIFO eit seminar i Høyanger, i lag med Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforening og historielaget i Høyanger. Tema var om det å skrive industri-, fagforenings- og tettstadhistorie. Oppmøte var godt og både Oddmund Hoel og Anders Timberlid deltok frå HIFO.

24. april markerte lokallaget HIFO sitt 150-årsjubileum med eit historieseminar, «Historiegransking i Sogn – lek og lerd», på Sogn Folkemuseum – De Heibergske Samlinger. Her deltok innleiarar frå Høgskulen, Sogn Folkemuseum, Fylkesarkivet Sogn og Fjordane og HIFO Sogn og Fjordane, medan tema for kvelden var alt frå runeinnskrifter i Sogn, 200-årsperspektiv på Sogn, Sogn sogelag og museum, distriktslegane i Sogn, til prosjektet «Skulen min» på Fylkesarkivet.

Størst aktivitet var dei opne film- og foredragskveldane som Pål Berg Svenunsgsen har arrangert. Her har HIFO vore med-arrangør:

- 26.04.18: Tema: «Kong Johan – Englands verste konge?» v/Pål Berg Svenunsgsen
- 23.05.18: Tema: «Svartedauden» v/Pål Berg Svenunsgsen
- 20.-23.08.18: Historisk filmuke v/Pål Berg Svenunsgsen og Knut Øyangen
- 04.10.18: Tema: «Vondskap» v/Irina Pavlova
- 11.11.18: Tema: «The Great War» v/Knut Øyangen
- 27.01.19: Tema: «Sagatid» v/Pål Berg Svenunsgsen
- 10.02.19: Tema: «Viva Mexico» v/Lars Leer
- 19.03.19: Tema: «Kongo» v/ Pål Berg Svenunsgsen og Knut Øyangen
- 10.04.19: Tema: «Klima – Katastrofe – Berekraft» v/Irina Pavlova

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Nokre større utgiftar har det vore. Til dømes ga HIFO Sogn og Fjordane eit tilskot til TRAUM-prosjektet på 5000 kroner (Les meir om prosjektet her: <https://traum.hisf.no/>).

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 17 medlemmer (talla er ikkje oppdatert sidan 2017).

Styrearbeid

Styret har ei god spreiing av folk tilsett ved ulike historieinstitusjonar i fylket, slik som Høgskulen i Sogndal, Sogn Folkemuseum og Fylkesarkivet, men skulekontakt manglar. Det har ikkje vore faste styremøter, men ved behov. Der det har vore behov for kontakt utover det, har vi rådspurt dei andre i styret via e-post.

Årsmøte

Årsmøte ble haldt 24. april på Sogn Folkemuseum – De Heibergske Samlinger. Det sitjande styret vart attval.

Sogndal, 6. juni 2019

Pål Berg Svenungsen

Leiar